

BOKMAGASINET



ILLUSTRASJON: M.M.MALVIN - M.M.MALVIN@ME.COM

GLØYMSLE

Linn Ullmann er ute med ny roman, sin sjette. Ho kallar den eit minnearbeid.

INTERVJU SIDE 4-5



Praktbok: Nasjonalhistorie av Anders Beer Wilse.

MELDING SIDE 12-13

Minnearbeid: Linn Ullmann har skrive ein roman om det å hugse.

UROLEGE MENNESKE



INTERVJU

RUNA KVALSUND

Linn Ullmann har skrive ei bok om far sin, filmska- paren Ingmar Bergman. «De urolige» er også ei undersøking av det å bli gamal, det å bli åleinemor på 60-talet, det å vakse opp som barn av to suksessfulle foreldre som held til på kvar sin kant, om det å vere *imellom* – mellom menneska, språket, mellom minne og roman, mellom liv og død. Kanskje er det denne boka ho har skrive seg opp mot i heile forfattarskapen. Ein kan kjenne igjen hendingar, namn og karaktertrekk frå dei tidlegare romanane hennar her, særleg minner Isak i «Et velsignet barn» og Jenny i «Det dyrebare» om faren i «De urolige».

Utgangspunktet for romanen er seks opptak av intervju som Ullmann gjorde med far sin den siste våren han levde, i mai 2007. Han er gamal og sjuk, og dør i juli, nokre månader etterpå. Dei dagane dei møtest, er det til same tid, klokka 11.00. Det skal skrivast opp i almanakken i førevegen; dette er arbeid. Opptaka har vore planlagde lenge, men no byrjar det å bli for seint, og det viser seg å vere ein tung jobb for begge. Faren har ikkje lenger like god kontroll verken over hugsen eller språket som før, og boka dei hadde sett for seg å lage, blir ikkje sånn: «Han ble eldre, gammel, han sa at ting ble borte.

– Hva slags ting?

– Ord. Minner.»

Bokmagasinet møter Ullmann på skrivehybelen hennar i Oslo. Ho har hatt hybelen i eit års tid, og dette er første gongen ho får besøk. Her er det eit lite kjøkken, eit skrivebord

LINN ULLMANN

■ Ullmann er utdanna i engelsk litteratur ved New York University, og har arbeid som kritiker og kulturjournalist i Noreg i ei årrekke.

■ I 1998 debuterte ho med romanen «Før du sovner», og har sidan då utgitt fem romanar til, blant anna «Et velsignet barn» (2005) og «Det dyrebare» (2011). «De urolige» er hennar sjette roman.

■ Ho er dotter av skodespelar Liv Ullmann og filmregissør Ingmar Bergman. Ho er gift med forfattere Niels Fredrik Dahl, har to barn og bur i Oslo.

■ I 2009 var Ullmann med på å stifte kunstnarsenteret Bergmangårdarna på Fårö.



ved eit vindauge vent ut mot parken, og bøker overalt.

– Det er vanskeleg å byrje å snakke om boka utan å vere personleg, er det første ho seier etter at ho har sett fram scones og te på det vesle kjøkkenbordet.

Å bli gamal

– Før ti år sidan byrja far min å snakke om at han følte seg veldig gamal, at han gløymde ord – og han var ikkje ein slik mann som gløymde ord, han var ein historieforteljar med utmerkt hugs, fortel ho.

– Men han var svært interessert i det arbeidet det var å bli gamal, dei fysiske og mentale påkjenningane. Han jobba like disiplinert med det å bli gamal som han hadde gjort heile livet med andre ting. Det var eit poeng for han å gjere om denne erfaringa til noko skriftleg, men fordi han ikkje hadde overskot til å skrive om det, vart vi samde om å gjere det saman. Og fordi vi er som vi er, begge to, måtte vi ha ein plan. Vi brukte mange år på å planlegge, kanskje for mange – han var mest 89 år då vi starta med opptaka, og alle vindauga i sinnet hans var opne, han var til

stades både her og andre stader, og opplevde tider og verkelegheiter som parallelle, i eit «mellom». Han kunne vere usikker på kven som var kven, samstundes som han snakka veldig klart om til dømes musikken, som var hans store lidenskap.

– Det kan ikkje ha vore lett å ha desse samtalanene?

– Opptaka gjekk ut på å få til å møtast ein stad. Far var usikker på sine eigne minne, kva er draum, røynd? Det låg eit stort tolkingsarbeid i det for oss begge, for å forstå kvarandre, eit språkarbeid som gjekk ut på å finne eit nytt språk, forklarar ho.

Etter kvart følte Ullmann at det ikkje lenger var riktig å gjere opptak, og banda vart liggande i årevis etter at faren var død før ho bestemte seg for å gjere noko med det.

– Å halde på med desse opptaka var vemodig, sterkt og slitsamt for oss begge. Men eg byrja tenkje mykje på gløymse og minne, kor stor del av vår identitet desse tinga er; folk kan hugse ting svært forskjellig – noko eg har vore opptatt av i fleire av bøkene mine. Så byrja eg skrive denne boka før eg i det heile hørde på opptaka. Eg syntest det var så tungt å høyre på, både fordi eg sørgde, men også fordi kvaliteten på lyden var så dårleg. Det var jo berre ein enkel, liten bandopptakar, seier ho.

Sjølve intervjuet, som er attgjevne i dramaform, omtrent nett slik dei var, utgjer berre ein liten del av boka, og dei er ofte veldig konkrete. Dialogane handlar mykje om det som skjer der og då, og metaperspektivet på arbeidet er tydeleg:

Han: *Fungerer bandopptageren, da?/ Hun: Ja, den fungerer./ Han (skeptisk): Det gjør den?/ Hun: Den fungerer som den skal./ Han: Jaså...?/ Hun: Den skulle være så vanvittig fin, skjønner du, ifølge selgeren./ Han: Fin?/ Hun: Ja, og følsom./ Han: Aha [...] Skal du ha en pastill? (Han rister på en pakke pastiller.) Er det passende at vi sitter her og liksom...?/ Hun: Sitter her og hva da?/ Han: Sitter her og suger på hver vår pastill?/ Hun: Vi kan vel gjøre som vi vil./ Han: Nei, det kan vi ikke./ Hun:*

Synes du ikke vi kan gjøre som vi vil?/ Han: Jo, du kan gjøre som du vil, men ikke jeg./ Hun: Kan ikke du gjøre som du vil?/ Han: Nei, jeg skal ... jeg må oppføre meg. Jeg er intervjuoffer.

Kjærleik og lengsle

«De urolige» fortel ei historie om ei dotter, ein oppvekst, og ei mor og ein far som ikkje er saman. Dei sentrale karakterane vert ikkje nemnde med namn, og hovudpersonen, jenta, vekslar mellom å vere «eg» og «ho». Forteljarstemma endrar seg, og handlinga hoppar fram og tilbake i tid. Det er ein roman. Men det er også ei historie om Linn Ullmann sin oppvekst og om foreldra hennar. Ho fortel om somrane ho var med faren og kona Ingrid på idylliske Hammars, korleis ho, den spinke ungen, gløymde seg i tørkeskåpet, at ho såg film saman med far sin kvar dag, og at han elles stort sett sat opptatt på kontoret sitt. Ho fekk kome inn til han av og til, men då var det avtalt på førehand. Denne vesle stunda der dottera fekk sitje på kontoret til far sin, kalla han for «ei sittning». Det er ein tryggleik i denne kontrollen, samstundes som det er ein tydeleg avstand mellom dei to i boka:

Pappa og jenta hadde en avtale. Den var skrevet opp i dagboka hans. Eller almanakken, som den også ble kalt. Dagboka lå på skrivebordet. Alt hadde sin plass og skjedde til sin tid. Det var satt av tid til at jenta og faren skulle snakke sammen. Hun dro i kjolen sin, den var blå og var blitt for liten i løpet av sommeren. Hun satt i den ene stolen, han satt i

**NYTT
SPRÅK:**

I sin nye roman, «De urolige», skriv Linn Ullmann inn minna frå oppveksten.

FOTO: MARGIT BRATLIE

den andre. Og etter en lang stund så han på henne med et nesten desperat blick og sa: – Problemet er at det er så stor aldersforskjell mellom oss. Vi har rett og slett ikke så mye å snakke om.

Denne avstanden står i sterk kontrast til den ekstreme nærleiken ho har til mora, som ho bur hos resten av året. Mora er meir uføreseieleg – livet hennar er prega av mykje reising og flytting, og ho prøver støtt å finne ut korleis ho kan vere mor og yrkeskvinne samstundes i ei tid der det var vanskeleg. Jenta ber på ein overveldande kjærleik til mora, som

dag. Det er nå snart. [...] Mamma er flyktig, ikke helt og holdent en del av denne verden, kanskje hun faller utfor et stup. Jeg ser henne for meg falle og falle og falle. Det er femten minutter etter avtalt tidspunkt. Skal mormor og jeg sitte hånd i hånd i kirken når mamma begravnes? Jeg begynner å gråte. Før utan ljangtan kan man inte leva.

Dei to personane er veldig ulike, men viktige for jenta på kvar sin måte. Ho er to heilt ulike personar saman med dei to foreldra, og dei er aldri saman alle tre. Slik føler ho seg på eit vis

lom». Vi menneske prøver alltid å dele inn kvarandre og oss sjølve i kategoriar, etter kjønn og alder og så bortetter. Men det er ikkje alltid vi passar inn.

Det sjølvbiografiske

Når ein har vakse opp med to så sterke personlegdomar som attpåtil er internasjonalt kjende, er det forståeleg at ein nøler med å skrive sjølvbiografisk om dei. Kanskje det er derfor Ullmann ikkje har gjort det så direkte før.

– Eg har alltid hatt i meg ein motstand mot å snakke om foreldra mine. Men no har eg altså skrive ei bok om dei. Dette er nok meir sjølvbiografisk enn noko eg har skrive før. Men kva er det sjølvbiografiske? Og kva er det å vere romanforfattar? Sjølv om eg her fortel mi historie, insisterer eg på at det er roman. Historia vil alltid vere subjektiv, og ein kan aldri vite korleis det eigentleg var. Nettopp derfor er minne eit godt instrument for romanskiving. Eg vrir, speglar, leikar med tid, hoppar fram og tilbake. Eg ønskte å vere så sann som mogleg, men det betyr ikkje at eg er opptatt av nøyaktigheita når det gjeld fakta. Det er far min og mor mi og eg, men alle er romanpersonar. Når du skriv, vil du alltid måtte gi ting ei form, og det er her det blir litteratur. Det vil uansett vere diktning. Kor du set komma, er eit val du tar som forfattar. Forma er det viktigaste dikteriske valet ein tar. Poenget er jo ikkje at ein skal spørje seg: «Var det verkeleg slik det var?» seier ho.

– «De urolige» er ei forteljing om kva minne er. Til dømes skriv eg ein plass at far min les Gunnar Bjørling for meg. Det er noko eg hugsar klart og tydeleg. Samstundes er eg ganske sikker på at det ikkje skjedde. Eg veit at han las for meg, men han var ikkje spesielt opptatt av Bjørling. Det er eg som er glad i Bjørling, og eg har brukt dette bildet i fleire av romanane mine, at faren les Gunnar Bjørling for dottera si.

Philip Roth skreiv noko fint om det sjølvbiografiske i førre Paris Review, at forfattaren sin kunst består i å vere både til stades og fråverande i teksten, at ein ikkje skal fornekte biografien sin, men at ein kan karikere, forvanske, undergrave den. Folk gjer jo dette heile tida, seier han, med iscenesetjing av seg sjølve, overdriving og løgner. Kvifor skulle ein forfattar vere noko dårlegare?

Minnearbeidet og å skrive denne boka har vore ein måte for Linn Ullmann å fortsetje dialogen med far sin på. Prinsippa og forma ho har nytta er inspirerte av filmene hans, bøkene hans, hans måte å tenkje på. «De urolige» inneheld også mange helsingar til han:

– Boka er delt inn i seks delar, som kvar er spesifikk med sitt lys, sin måte å bruke minna på, forklarar ho. – Denne forma speglar dansane i Bach sine cellosuitar, som pappa var veldig glad i. Den siste filmen han laga heitte «Sarabande», som er namnet på ein av dansane. Den sjetten og siste dansen heiter *gigue*, og det er vel det eg har tenkt at denne boka kan vere.

77 Forma er det viktigaste dikteriske valet ein tar.

er mykje vekke, og lengselen veks seg iblant så stor hos barnet at ho ikkje veit kor ho skal gjere av seg:

Jeg lengter etter mamma hele tiden. Nå har hun reist igjen. Denne gangen til Amerika. Neste gang skal jeg være med, sier hun. Men nå vil hun at jeg skal være i Oslo og gå på skolen. Mormor skal passe på. Mamma skal være borte i flere måneder. Jeg er redd for å miste henne, redd for at hun ikke skal komme tilbake, redd for at hun skal forsvinne. Men det er ikke redsel pappa mener med ordene ständig ljangtan. Mamma og jeg snakker i telefonen, og hver gang før vi legger på, avtaler vi tidspunkt for neste gang hun skal ringe. Det er i

splitta, og det ho vil mest av alt, er å få dei saman, for slik å kunne finne seg sjølv. Det finst til dømes ikkje noko bilde av dei tre saman. Som trettenåring stikk jenta av til München, der foreldra (som er gode vener og kollegaer), skal møtast, for å få til denne vesle augeblinken der alle tre er i same rom.

– Menneska i boka er alle urolege og sårbare, på kvar sin måte, dei finn ikkje roa i livet. Det er det som ligg i tittelen. (Sjølv om far gjerne ville at boka skulle heite «Dødsknullet i Eldorado-dalen». Han hadde alltid hatt lyst til å lage ein film med den tittelen, men det var aldri ein som passa.) Dei strever med å finne sine roller, og også her ligg det eit «mel-